

# Årsmelding Vestre Slidre Historielag for 2023

**Styret** Leiar: Ingebjørg Moe, Nestleiar: Ola Jørgen Fauske, Kasserar: Anna Kristine Hodne, Skrivar: Vibeke Funder, Styremedlemmer: Odd Kolbjørnshus, Eivind Brenna, Kari Johne, Gullik Stee

Turnemd: Finn Helge Lyster og Elisabeth R. Dahl, Revisor: Gunnar Hamre

Valnemd: Ole Rosendal, Aslag Hamre

**Styremøter** Vi har hatt åtte styremøter, der vi har handsama 37 saker Møtestad stort sett, Kulturkafeen Slidre

**Årsmøtet** var 02.03.2023 på Kulturkafeen Utanom styret var det 13 tilstades Eivind Brenna orienterte om 1000års jubileet (Innføring av kristendomen), Kim og Martin, våre unge, gode toraderspelar, sto for underhaldninga.

Årsmelding og rekneskap godkjent Det vart gjort vedtak på å gje Slidredomboka som gåve til konfirmantane og at styret skulle laga arbeidsplan og arbeide med medlemsverving. Årsmøtet fekk servert kaffi og god kringle frå Laila

## **1000årsjubileet «Valdres i 1000 år»**

Historielaget var aktivt med i planlegging av jubileet og heile året har vore prega av planlegging til den store 1000årmarkeringa, hovudmarkeringa for heile Valdres, som var 29. juli i Slidre ved Slidredomen. Det vart vellykka! Alt klaffa, til og med veret var Fantastisk! Historielaget hadde ansvar for aktivitet og utstillingar rundt kyrkja og i og ved prestegarden og var med på dugnad ved matserveringa.

Eivind Brenna var prosjektleiar for heile prosjektet «Valdres i 1000 år»

**Årsmøtet Valdres historielag** i Vang Odd og Ingebjørg var utsendingar

**Medlemsmøtet** Gjennomførte medlemsmøte på Kulturkafeen 30. november Arne Erik Fønhus ga oss eit interessant, lærerikt og spanande foredrag om Skogbruketets historie i Valdres. 25 tilstades.

**Fystrokyrkjemesse** var 02. juli Det regna, så messa vart innandørs hjå Eline og Øyvind Denne gongen var Røn sokneråd saman med oss med ekstra traktering som ei markering av 1000års jubileet. Historielaget har planer om å få opp ei ifotavle ved kyrkjestaden.

**Planlagt tur til Hans Børlidagane** 4. og 5. juni vart utsett

**Den lange turen gjekk i år til Oslo** 1. – 3. sept. med 40 deltakarar.

**I Olav Haraldssons fotspor 10. august** Rundtur i Valdres med Jahn Børe Jahnsen som turleiar, var vi innoom mange Olavsminne frå Vang til Sør Aurdal. Vi inviterte på lunsj ved Tingsteinen Slidrefjorden og Slidre synt seg frå si beste side når det gjalt ver og vind. Dette og som ein del av 1000års markeringa.

**Lokalhistorisk tur for skuleklasse.** Historielaget har i år som mange år før, invitert 8. klasse på Vestre Slidre skule til Historietur med buss og Jahn Børe som guide Slidre skule har teke denne kulturturen inn i årsplana si. Denne gongen var det Historielaget som betalde heile turen Dette og som ein del av 1000års markeringa denne gongen.

**Boklageret** vart fløtt til Røn gamle skule i juni 2022 og er der på loftet.

**Sumarope i Slidredomen** 28. juni tom 10. august. Medlemmer av historielaget, pensjonistlaget og Sanitetsforeininga var vakter to dagar i veka. God tilbakemelding.

**Tunet i Plassen** med stogo, stabbur og låve. Nytt sjukeheimsbygg treng meir plass Historielaget engasjerar seg i å bevara mijøet ved at dei gamle husa får stå. Godt samarbeid med Odd Arne Rudi frå Valdresmusea. Også engasjement frå avisa Valdres. Saman med dei jobba vi for å bevara den gamle fine låven, men måtte gje tapt. Låven vart solgt til ein som vil setja den oppatt på ein ny plass. Bra at den blir bevara!

**Sametuftene på Rensenn** Kommuna, Fjellstyret og Historielaget fekk i oppdrag frå **SAMETINGET** å gjera sametuftene ved Rensenn meir synlege. Historielaget fekk ansvar for skilting, utebord og bål plass som vi er godt i gang med. Sametinget finansierar heile saken. Innvinging 8. september 2024

**Krigshistorisk landskap** Odd, Ola Jørgen og leiar deltok på eit møte i Aurdal historielag.

**Medlemmer** I 2023 var vi 60 medlemmer i Vestre Slidre historielag

*Takk for godt samarbeid i året som gjekk. Eg ser fram til oppgåvene i 2024  
Viken, 06.03. 2024 - Ingebjørg Moe, leiar*